

## Reguleringsføresegner

15.01.2020

### Reguleringsplan for fv. 601 Angedalsvegen del 1

PlanID: 143220190010

#### §1 GENERELT

- 1.1 Føremålet med reguleringsplanen er å etablere sykkelveg med fortau langs Fv. 481 på strekninga frå Vaskarvollen til og med Kyrkjevegen.
- 1.2 Plangrensene er vist på reguleringskartet, datert 29.05.2019. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

#### §2 BYGNINGAR OG ANLEGG

Føresegner for bygningar og anlegg er gjeve i gjeldande planar for:

- Reguleringsplan for Kyrkjevegen gbnr 21/139 Planid: 20180006, den 6.11.2019
- Reguleringsplan for Kyrkjevegen aust. Planid:1999007, den 13.07.2000
- Reguleringsplan for Prestholten. Planid: 19750012, 25.09.1974
- Reguleringsplan for Prestholten endring gbnr. 21-139. Planid: 1950012A, den09.07.1986
- Reguleringsplan for Prestebakken terrasse. Planid: 19970015, den 21.01.1997
- Kommuneplan, 2015-26

B\_ Bustader (1110)

Arealet er regulert til bustader

BFS\_ Bustader-frittliggjande småhus (1111)

Arealet er regulert til frittliggjande småhus

BBB\_ Bustadblokker (1113)

Arealet er regulert til bustadblokker

BRE\_Renovasjonsanlegg (1550)

Arealet er regulert til renovasjonsanlegg

#### §3 SAMFEDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

o\_SKV1, o\_SKV3 og o\_SKV6 Køyreveg, offentleg (2011)

Køyreveg er vegbana inkludert kantsteinsklarering eller skulder på fv. 481, kryss, kommunale vegar og avkøyrslar.

f\_SKV2 Køyreveg, felles privat (2011)

Felles privat køyreveg er vegbana inkludert skulder for eigedommane på 22/270.

f\_SKV4 Køyreveg, felles privat (2011)

Felles privat køyreveg er vegbana inkludert skulder for eigedommane på 21/139, 21/211 og 21/65

f\_SKV7 Køyreveg, felles privat (2011)

Felles privat køyreveg er vegbana inkludert skulder for eigedommane på 21/144 og 21/388

SKV5 privat (2010)

Privat køyreveg er vegbana inkludert skulder for eigedommane på 21/65.

SKV8 privat (2020)

Privat køyreveg er vegbana inkludert skulder for eigedommane på 21/144.

o\_SF 1, \_SF2, Fortau (2012)

f\_SGG3 Gangveg/gangareal (2016)

Felles privat gangveg for 21/211, 21/369, 21/66 og 21/65. Køyring til eigedomane er tillate.

o\_SS1 og o\_SS2 sykkelveg (2017)

Det er regulert sykkelveg langs fv. 601 Angedalsvegen.

o\_SVG Anna veggrunn - grøntareal, offentleg (2019)

Arealet er regulert til annan veggrunn som er møbleringssone, grøfter, fyllingar, skråningar og murar som tilhøyrer veganlegget.

f\_SVG 1 og \_SVG 2 Anna veggrunn - grøntareal, privat (2019)

Arealet er regulert til annan veggrunn som er møbleringssone, grøfter, fyllingar, skråningar og murar som tilhøyrer veganlegget.

f\_SVG 5 Anna veggrunn - grøntareal, privat (2019)

Arealet er regulert til annan veggrunn som er møbleringssone, grøfter, fyllingar, skråningar og murar som tilfører veganlegget. Kan opparbeidast p-plass/snuplass.

SVG 5 Anna veggrunn - grøntareal, privat (2019)

Arealet er regulert til annan veggrunn som er møbleringssone, grøfter, fyllingar, skråningar og murar. Det kan opparbeidast snuplass og parkeringsplass på området.

SVG 3 og SVG4 Anna veggrunn – grøntareal, privat (2019)

Arealet er regulert til annan veggrunn som er møbleringssone, grøfter, fyllingar, skråningar og murar som tilhøyrrer veganlegget, for eigedommen 21/65

f\_SPP1 og f\_SPP2 Parkeringsplass  
(2982) Felles for eigedommane på  
22/270

#### **§4 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE**

o\_VFS1 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6720).

o\_VFS2 Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6720). Området skal ha naturleg kantvegetasjon langs elvekanten. Der elvekant vert nytta til midlertidig anleggsområde, skal kantvegetasjonen takast vare på så langt som muleg.

#### **§5 OMSYNSSONER**

Sikringssoner, H140\_Frisikt:

Alle kryss og avkøyrslar skal ha fri sikt i samsvar med handbok N100, Veg- og gateutforming (Vegdirektoratet). Førde kommune og Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

Faresone, H320\_Flaumfare:

Flaumsone viser NVE sin berekna flaumsone ved 200 års-flaum, med klimapåslag. Nivå stormflo (returnivå 200 år) er 223 cm. Konstruksjonar under dette nivået må sikrast i høve flo/flaum.

Høgspenningsanlegg, H370

§ 5.3. Bevaring kulturmiljø, H570

Gjeld statleg listeført elveforbygging. Utanom mogleg overføring av overvatn til elva (drensrøyr), skal dette oppretthaldast slik som i dag. Drensrøyr gjennom elveforbygginga skal haldast på eit minimum.

#### **§6 BESTEMMELSESOMRÅDE**

#: Anlegg- og riggområde

Områder kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av vegprosjektet, det gjeld mellombelse bygningar og anlegg, riggområde og mellomlagring av masser m.m.

Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte. Etter avslutta anlegg opphøyrer midlertidig reguleringsføre mål og arealet går over til formål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i stand til den bruk og den stand det var før anleggsstart, innan eitt år etter at anlegget er ferdig.

#### **§7 FELLESFØRESEGNER**

7.1 Det skal ikkje gjerast terrenginngrep som gjev vegkroppen dårlegare stabilitet.

7.2 Byggegrense er teikna inn på plankartet i gjeldande reguleringsplanar, elles skal byggegrense langs vegen følgje veglova.

7.3 Støy

Støyskjerm er regulert mellom profil ca.230–380, jf. plankart. Det er gjort støyvurderingar for bustadhusa langs strekninga i samsvar med støyretningslina T- 1442/2016. Støygrensene skal, så langt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg etter kostnads-/nyttevurderingar, tilfredsstillast. Endeleg vurdering av støynivå og tiltak vert utført i samband med gjennomføring av vegprosjektet.

7.4 Kulturminne

Dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka og er gjort kjent med denne bestemmelsen. Melding av funn skal straks sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, i samsvar med lov om kulturminner §8, andreledd.

7.5 Plan for ytre miljø (YM-plan)

Kap 5.7 i planomtalen gjev føringar for YM-plan som skal utarbeidast før prosjekteringsfasen. Nødvendige miljøtiltak skal innarbeidast i konkurransegrunnlaget og ivaretakast av utførande og kontrollerast i gjennomføringsfasen.

7.6 Rabatt, møbleringssoner, anna vegareal, fortau og sykkelveg skal opparbeidast med utgangspunkt i dei løysingar som er viste i landskapsplan og formingsrettleiar for Førdepakken.

7.7 Fortau og sykkelveg, leieline, taktile heller o.l. skal oppfylle krav til universell utforming (tilgjenge for alle) etter TEK17 og Statens vegvesen sine handbøker. Unntak er eksisterande gangveg o\_SGG3

7.8 Det skal nyttast tilført naturstein i natursteinmurane. Det skal stillast krav til forbandt og planheit med tanke på utsjånad og kvalitet.